



# DEN NORSKE KYRKJA

## UTNE SOKNERÅD

Til  
Kulturdepartementet  
Kirkeavdelingen  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

### STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - ET TYDELIG SKILLE.

Utne sokneråd vil gje fylgjande høyrings svar til høyringa "Staten og Den norske Kirke - et tydelig skille".

- 1. Skilje mellom stat og kyrkje er på god gang. Dette høyringsnotatet representerer eit viktig steg i rett retning. Kyrkja vert eige rettssubjekt, og banda til staten losnar. Slik må det vera. Prosessen tek tid, det er ikkje til å unngå. Me ynskjer likevel å gje uttrykk for at det er viktig at det vert halde trykk på prosessen, slik at han ikkje stansar opp.*
- 2. Høyringsnotatet legg til grunn at soknet og fellesråda framleis skal vera sjølvstendige einingar når kyrkja vert etablert som eit nytt rettssubjekt. Dette er me samde i. Det lokale eigarskap til kyrkja er overmåte viktig. Sokna og fellesrådet sin stilling vis a vis overordna kyrkjelege strukturar må ikkje svekkjast.*
- 3. Me er glad for at høyringsnotatet så tydeleg slår fast at "kommunens finansieringsansvar overfor kirken foreslås ført vidare". Dette er i tråd med kyrkelova §15, som i dag er den økonomiske berebjelken for den lokale kyrkja. Også når me går inn i ei tid med endring av kommunegrenser, er det viktig at dette prinsippet vert slege fast.*
- 4. Arbeidsgjevaransvar for prestar og tilsette i bispedømeråda og Kyrkjemøtet er foreslått overført til ein midlertidig ordning, der Kyrkjemøtet vert øvste arbeidsgjevarinstans for desse. Utne sokneråd ser at det er mykje diskusjon i kyrkja om fellesråd som arbeidsgjevarnivå for alle tilsette. Soknerådet tek på noverande tidspunkt ikkje stilling til tilsetjingstilhøva når det gjeld prestane.*
- 5. Opplysningsvesenets fond bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, noko anna ville vere heilt uakseptabelt.*
- 6. For øvrig undrar det oss at ikkje desse høyringsnotata også finst på nynorsk.*

23.10.14  
Med helsing

Silje Selvær  
leiar